



# VOSS HERAD 2020

INFORMASJON FRÅ "HELSE OG OMSORG" NR: 1

## KVEN ER ME!

Hovudtillitsvalde (HTV)

Jenny Eidnes Kjerland ,  
Granvin herad

Anne Berit Himle, Voss  
kommune

Hovudverneombod (HVO)

Trude Kvarekval Lydvo, Voss  
kommune

Me sit i den overordna  
prosjekt gruppa for helse og  
omsorg. Her kjem det kort  
informasjon frå oss.



Anne Berit Himle

## HELSE OG OMSORG-VOSS HERAD 2020

Det er danna tre arbeidsgrupper som skal delta i  
kommunesamanslåinga.

**Gruppe 1 TENESTEUTVIKLING** : Har fokus på korleis ein kan utvikle  
tenesta til helse og omsorg, ambulerande team, førebyggjande tilbod,  
fleirfagleg team, legekantor, legevakt og fastlegane

**Gruppe 2 FELLESTENESTER** : Har fokus på habilitering/rehabilitering,  
samhandling/formidling kring hjelpemiddellager, sjåførtenester,  
omsorgsteknologi, vedlikehald og reperasjon av hjelpemidlar..

**Gruppe 3 STAB OG ØKONOMI** : Har fokus på økonomiske vinstar,  
organisering av støttefunksjonar til andre arbeidsgrupper.

---

*På intranett kan du lese kva arbeidsgruppene  
produserer, møteinnkallingar og kva tid det er  
møter. Kom gjerne med innspel. Du har  
sjansen til å bidra- BRUK DEN!*

---

## GRUPPENE HAR FLEIRE ARBEIDSOPPGÅVER:

- Kartleggje tenestestruktur slik den er i dag i Voss og Granvin
- Kartleggje eksisterande rutinar / prosedyrar – kva manglar?
- Gjennomføre SWOT analyse : styrker, svakheiter, moglegheiter og trugslar? No situasjonar og framover.



Jenny Eidnes Kjerland

## Kontakt oss

**Jenny Eidnes Kjerland Tlf 91638821**

[Jenny.e.kjerland@granvin.kommune.no](mailto:Jenny.e.kjerland@granvin.kommune.no)

**Anne Berit Himle: Tlf 97721276**

[Anne.b.himle@voss.kommune.no](mailto:Anne.b.himle@voss.kommune.no)

**Trude Kvarekval Lydvo Tlf 95262088**

[Trude.k.lydvo@voss.kommune.no](mailto:Trude.k.lydvo@voss.kommune.no)

- Identifisera «lågt-hengande frukter» kva enkle grep kan ein gjere for å sikre gevinstar med samanslåinga?
- Vurdere ulike løysingar på samordning/organisering. Skildre dei føretrekte løysingane.
- Skildra ev. ny organisering og gevinstrealiseringsplan – samsveis.no
- Skildra strategi og framdrift for gjennomføring/implementering av ny struktur/organisasjon

## FELLESSAMLINGAR FOR ARBEIDSGRUPPENE

Me har hatt fire fellessamlingar der alle gruppene møttest. Her kjem den overordna gruppa med aktuell informasjon, samtidig som gruppene presenterer kva dei har produsert så langt.

## KVA VERT JOBBA MED

Ros – risiko og sårbarheitsanalyse for omstillingsprosessen er gjennomført i mange av arbeidsgruppene i samarbeid med oss tillitsvalde og verneombod. Me håper at det fører til ei bevisstgjerung av kva som kan skje med oss tilsette i tida framover. Ein del vil få mykje ekstra arbeid på toppen av vanleg drift, mange vil lure på kva som skal skje med deira stilling, nokre er redde og skeptiske for

endingane som vil komme, medan nokre syns endingar og nytenking er motiverande og kjekt. Me reagerer alle ulikt på det som skjer rundt oss og derfor er det viktig å få alle med seg frå kvar enkelt sin ståstad. For å førebygge usikkerheit er det fokus på å gje ut informasjon. Då må me tilsette og vere flinke til sjølv å søkje informasjon på intranett og facebook. Leiing som er tilgjengeleg for spørsmål og innspel er og viktig i dette arbeidet. Samtidig er leiinga ekstra opptatt no, så i lag må me finne møteplassar der ein kan ta opp det ein har på hjarta. Me vil og minne om at Bedriftshelsetenesta er tilgjengeleg for alle som ynskjer samtale med dei.



HTV og HVO i Voss og Granvin har og vore på to møter med prosjektleiaren Arild, rådmannen for Voss Herad. På møtene har det særleg vore fokus på struktur i den nye kommunen, samtidig som det er rom for diskusjon og spørsmål.

Med vennleg helsing Anne Berit Himle, Jenny Eidnes Kjerland, Trude Kvarekval Lydvo